# BYGG & BUSTAD

**VÅR 2024**


**Fjelltun i ny drakt** side 2-3
**Telemarksbruket** side 8-9
**Hus på brygga** side 12-13




# Vegg i vegg



Foto: Even Tveito Lundefaret



**NABOAR:** Søskena Even (bildet t.v.) og Kine Tveito Lundefaret (bildet t.h.), med ektefeller Marit Sanda Lundefaret og Morten Espe, har bytta leilegheitar i Oslo med hus i Lektorvegen i Bø. Det har vore eit lykkeleg val.

**SIDE 16-18**

Bø blad
Lokalavis for Midt-Telemark



**BYGD INN:** Det er høgare under taket der verandaen er bygd inn. FOTO: Marta Kjøllesdal



**UNDERVEGS:** Stova har fått tapet og nytt golv er snart lagt. FOTO: Elise Fagerås



**ALLROM:** Frå allrommet ser ein mot sør ut vindauge i den innkledde verandaen. FOTO: Elise Fagerås



**OPE KJØKKEN:** Det er ope mellom kjøkken og spisestove hjå Elise og Eira. Bak Elise er utgangen til vinterhagen.

# Nytt liv til Kaasa-h

**Elise Fagerås ville ta vare på noko av særpreget med det gamle Kaasa-huset. Det har sett nokre rammer for oppussinga ho har gjort.**

*Marta Kjøllesdal*
marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

– Det einaste eg har utvida med er dette, seier Elise Fagerås smilande.

Ho viser fram den delen av allrommet som tidlegare var ein open veranda, men som no er innbygd med vindauge frå golv til tak og har dører mot to andre uteplassar.

Kåsa-huset frå 1970-talet er bygd på. Det var det foreldra til Elise som gjorde på 1980-talet. Sjølv har ho opna nokre veggar og lukka andre, i tillegg til å ta inn verandaen.

– Grunnen til denne utvidinga var at leilegheita under hadde veldig lita stove. Dei ekstra kvadratmetrane i underetasjen var veldig nødvendige, forklarar ho.

### Har tatt vare på særpreget

Men om ho ikkje har utvida arealet, har ho gjort ein god del andre endringar. Samtidig som huset heilt tydeleg er nyoppussa, har ho teke vare på særpreget. Det gir ho samtidig assosiasjonar til barndommen i huset.

For tre år sidan sette dei i gang ombygginga. Då budde Elise og dottera, Eira, i kjellaren. No bur dei i hovudetasjen, medan far hennar, Einar Fagerås, bur i kjellaren. Kjellaren framstår ifølgje Elise meir som ein førsteetasje med langveggen og litt til på bakkeplan.

Alt er ikkje ferdig enno. Det er framleis veggar med maskeringstape og nokre uferdige prosjekt. Elise fortel at det til tider har vore kaotisk å bu i huset medan ein pussar opp, men no nærmar det seg. Resultatet ho kan vise fram er lyst, ope, og med fantastisk utsikt til fleire kantar. Mykje er nytt, men det er også mange spor av det som har vore.

### – Framleis eit furuhus

Elise Fagerås har opna opp mellom spisestove og kjøkken slik at det har blitt eit stort allrom. Det er skyvedører mellom allrommet og stova. Den innbygde verandaen vender mot sør. Her er det vindauge heilt opp i mønet og høgare under taket enn i resten av huset

– Det er ikkje stor takhøgd her, så det er godt å få det litt luftig, seier ho.

– Frå starten av har det vore viktig for meg å ta vare på eigenarten til huset, seier Elise.

Ho har framleis umåla furutak og furupanel, og vindauge og dører er i furu.

– Eg har kjøpt nye i furu, fortel ho om dei to siste.

– Vent litt, det er ikkje så ofte me leverer det, var reaksjonen då ho kom på butikken og ville ha heiltre furudører. Det er ikkje det som er in i dag.

– Det er framleis eit furuhus, seier Elise.

Ved sidan av allrommet er det ei stove ho ikkje brukar, med panoramautsikt til Lifjell. Her har ho ikkje gjort noko og her er det berre furu.

– Den skal få vere slik, seier ho.

Ved kjøkkenet har ho også ein lys vinterhage som foreldra bygde i si tid.

### Har valt mørke veggar

Der det ikkje var furu, var det tidlegare strietapet. Ho ville vidareføre det uttrykket, men gjere det meir moderne. Der har ho



FOTO: Marta Kjøllesdal



**MOT SØR:** Glasveggen i allrommet vender mot sør.
FOTO: Marta Kjøllesdal



**LEIKESTOVE:** Eira kosar seg i leikestova.
FOTO: Elise Fagerås



**LIFJELL:** Frå stova er det utsikt til Lifjell.
FOTO: Marta Kjøllesdal

# us frå 1970-talet

valt ein tapet av sisal.

– Det er eit naturmateriale som går veldig fint til treverket, seier Elise.

– Peisen er den gamle, fortel ho.

Den varmar godt og skal få stå i stova.

Når ein snur ryggen til natursteinspeisen, ser ein ut tre store vindauge og rett mot Liheia og Bøhaugen. Her har ho bytta vindauga med nokre som går heilt ned til golvet.

Ho har valt glas i rekkverka på verandaene utanfor. Det kostar, men så tek ikkje rekkverket så mykje av utsikta.

– Me har natur rundt huset. Det hadde ikkje blitt så fint utan glas, påpeikar ho.

For henne er det at ein kan bu slik at ein har god utsikt til Lifjell, ein god grunn til å flytte tilbake til Bø.

– Eg har valt ein mørk farge på veggen, men så får eg inn mykje lys, påpeikar Elise.

I gangen utanfor soveromma har ho framleis bevart takplatene frå 1970-talet. Ho oppdaga også at den grønfargen ho hadde valt til veggane på rommet til dottera var så godt som den same som var i taket på rommet tidlegare.

Skapdørene i denne gangen er også frå 1970-talet og typisk for tida.

## Nye furudører, utan sprosser

På kjøkkenet har ho sett inn ein moderne vedomn, med bakaromn. Den er ikkje ferdig montert enno.

– Her kan eg bake brød, det gler eg meg til, seier ho.

Det er mange glasdører i huset. Det gir lys og kontakt mellom romma.

– Det var også før, men det var glasdører med sprosser, forklarar Elise.

Ho brukte veldig lang tid på å bytte dei dørene, sidan dei var i orden. Når ho først skifta dei ut, var det viktig at det var furudører. Men utan sprosser er dei likevel ganske annleis.

– Det blei veldig rett med dei nye dørene, seier ho fornøgd.

Dei gamle er i stor grad selt og dermed ikkje kasta. Kjøkkeninnreiinga som er bytta ut får plass i garasjen.

– Det meste av møblane har eg kjøpt brukt på Finn, sjølv om dei ser nye ut, fortel Elise.

Det gjeld også Ikea-møblane. Dei andre er slikt som ho har hatt eller arva.

På kjøkkenet bur også tre marsvin. Til dei har ho bygd eit rullande bur.

## Mange gode hjelparar

Elise er veldig godt fornøgd med hjelpa ho har fått av arkitekt, handverkarar og faghandel til det å finne rette fargar og løysingar.

– Å finne nokon som er med på idéen eg har, har vore viktig. Både det som er gjort med fasade, flytting av veggar og å ta i vare på eigenarten til huset. Eg er kjempefornøgd med val av interiør og fargeval. Ein ting er kva eg likar, men noko anna er kva som passar til huset. Eg har fått god hjelp til å finne noko som passar inn, seier ho.

– Far min har gjort nesten alt, fortel ho om arbeidet.

Dei har hatt fagfolk til det elektriske og røyrleggjararbeid. Det var også fagfolk som la sisaltapeten. Men slikt som skifte av vindauge og dører har faren stått for. Sjølv har ho måla litt og sjølvsagt vore den som tek avgjerder.

Utvendig har ho skifta farge på huset, men beheldt panelet fordi det var i orden. Ho ville ikkje byte det ut med noko som er meir moderne. Huset var mørkt raudt. No er det mørkt grønt, framleis ein farge som passar til huset.

– Eg har god plass, seier ho om løysinga dei har kome fram til.

Når dei har komne så langt, er det greitt om det framleis er litt maskeringstape her og der.



**EIGE HØVLERI:** Halvor Bjørnfeld jobbar på høvleriet og er her i sving med ei maskin av merket Jonsereds. Foto: Øystein Akselberg

# Full fres på Norsjø

**Hindrum-slekta har tre generasjonar i sjefsstolen på det lokale trelastbruket på Gvarv. Nyleg leverte far Edgar over stafettpinnen til sonen Eirik.**

*Øystein Akselberg*
*oystein@boblad.no – tlf. 906 38 453*

Eirik Hindrum (29) har frå 1. mars teke over som eigar og dagleg leiar ved Norsjø Sag og Høvleri i Strannavegen på Gvarv.

Trelastbruket ved Norsjø har tradisjonar tilbake til tidleg 1900-tal og har vore i eige av familien Hindrum sidan 1940-talet. Lokaliseringa ved Norsjø skuldast at det i tidlegare tider blei fløta inn tømmer frå vatnet akkurat her.

### Tredje generasjon

Det var Birger Mennelai Hindrum som først kjøpte sagbruket. Han var onkel til Knut Hindrum, som er bestefar til dagens eigar. Knut hadde skogskule og kom til Gvarv frå Vancouver i Canada og tok over drifta.

Seinare tok Edgar Hindrum, far til Eirik, over drifta. Dermed er det nå tredje generasjon Hindrum, Eirik, som har teke over. Familien kom til Gvarv frå Fosen i Trøndelag.

Norsjø Sag og Høvleri blei eit aksjeselskap i 1967. I dag har bedrifta fem tilsette og årsomsetninga svingar rundt 16-17 millionar kroner. I dei aktive koronaåra var dei oppe i heile 25 millionar i årsomsetting.

### – Nok å gjere

Butikken hadde nokre toppår under koronapandemien, men det har vore litt rolegare ei tid nå.

– Eg trur det tek seg opp att, men det vil ta litt tid, seier Hindrum, som er nøgd med omfanget av bedrifta slik det er for tida.

– Me har nok å gjere og er passe store, men har både kapasitet og ønskje om å få fleire kundar, seier han med eit smil.

### Eige høvleri

– Eg har vore på sagbruket sidan eg var liten. Fast arbeid har eg hatt her dei siste ti åra, og eg har gjort litt av alt, seier Eirik.

Han legg til at det har dreia seg om både butikk og høvleri, og seinare meir på drift og butikk. Han er elles med på høvleriet når det trengst.

Verksemda driv med alt av trelast og byggjevarer, som betyr alt til bygging av nye hus, rehabilitering, uthus og garasjar, som takstein, vindauge, terrassebord med meir.

Sagbruket har eige høvleri der det blir laga listverk og panel på bestilling, og ikkje minst ytterkledning i både gran og furu.

– Eit spesialprodukt er å lage kledning av hundre prosent kjerneved, som me får frå Telemarksbruket i Bø, forklarar Hindrum, og legg til at kledninga går til både nye hus og rehabilitering.

Viktige folk på laget er Halvor Bjørnfeld som jobbar på høvleriet og sjåfør Ragnar Lund.

### Golvet på Sjodar

Hindrum er elles nøgd med at verksemda har levert alt av trelast til oppbygginga av forsamlingshuset Sjodar på Evju Bygdetun.

– Dansegolvet er eit spesialgolv av furu som er høvla her. Me har også levert kledning og takstolar og mykje anna til Sjodar. Det har vore hyggeleg å ha fått vere med på det prosjektet, seier Hindrum.

Sjølv bur unge Eirik i eit sveitserhus som han rehabiliterer i Gamlegata på Gvarv. Dermed er han oppteken og engasjert med byggvarer og byggprosjekt både på privaten og i arbeidstida. Mang ein trimtur i skog og mark, og aller helst i lokalområda, får han likevel tid til.



**UNG SJEF:** Eirik Hindrum har teke over familiebedrifta i Strannavegen på Gvarv. Her er han ein fin vårdag utanfor kontorbygget ved innkøyringa til trelastbruket.




**TRANSPORT:** Sjåfør Ragnar Lund er bedriftas mann ute i felten hjå kundane.


Alt til byggeplassen
Bygg med tillit ved å velge TBU AS, din **ultimate leverandør for alt på byggeplassen.**
TBU


STEINSENTERET
SNART
SOMMER
Steinsenteret Bø har spisskompetanse på stein og ovner og er ditt lokale senter for oppussing og vedlikehold. Vi har alt du trenger for å løfte stemningen - både inne og ute.
Kom innom for gratis råd og spennende prisgarantier. Vi har fremtidens løsninger - allerede nå
BELEGNINGSSTEIN
TROMLET / UTROMLET
SLITESTERKT
Belegningsstein blir mer og mer benyttet, både blant huseiere og prosjektmarkedet som har sett de mange fordelene: Bedre miljø, god økonomi- lang levetid, tåler telehiv - uten sprekker og meget fleksibel.
KUBBEMUR
MUR - TRAPP - KANSTEIN
FLEKSIBEL OG FLOTT
Kun fantasien setter som setter grenser! Denne steinen er dekorativ som mur, trapp eller som kantstein. Den kan stables som frittstående pyntemur eller støttemur.
VAKRE NYHETER
I PLANTEVERDEN






# PISA 2

*Pisa 2 er mulighetenes mur, med sitt naturlige utseende og systemets variasjonsrikdom passer den i de fleste miljøer. Pisa2-systemet omfatter normalstein, buestein, halvstein, hjørnestein og toppstein. Normalstein anvendes først og fremst til å bygge rette og konkave (innvendig bue) murer og trapper. Buestein brukes til konvekse (utvendig bue) murer. Toppstein anvendes som avslutning på murer og som trappetrinn.*



# STACKSTONE MULIGHETENS HAGEMUR

*Med StackStone kan du bygge de flotteste murer, blomsterbed eller fontener. Det er kun fantasien som setter grenser. StackStone-systemet består av normalstein, toppstein og hjørnestein. Steinene er utstyrt med not- og fjær, dette gjør monteringen enkel og muren solid.*

## VÆR KREATIV MED SKIFEREN

### HELLER OG FLIS BRUKT SOM BORDPLATER



## DEKOR STEIN

*prikken over i´en i blomsterbeddet*



## LOTUS GRILL




*Stilig og rask grill fra LotusGrill, passer perfekt til stranda, campingvogn, bobil eller hytta.*

*En vifte i bunnen regulerer varmen som sendes opp for grillingen. Jo høyere hastighet på viften, jo varmere blir det.*

# DET GODE UTE LIV



## KUNSTIGE PLANTER

*fordi ikke alle har grønne fingre*



## TERRAKOTTA

# På Roteberg går det

**Telemarksbruket har full drift, sjølv om det er nedgangstider i byggjebransjen. Bedrifta har investert millionar og har mål om å auke produksjonen monaleg i åra som kjem.**

*Øystein Akselberg*
*oystein@boblad.no – tlf. 906 38 453*



PÅ PAKKEAVDELINGA: Trygve Bakken i sving saman med systrene t.h. Sarah Muftic (22) og Mina Muftic (19).

Ei livskraftig bedrift med stort potensiale ligg og breiar seg på Rotebergmoen i Bø. Den er ikkje så synleg for folk flest i Midt-Telemark, men er ein stor og viktig aktør i tømmerbransjen.

Hausten 1978 starta epoken med sagbruk på Rotebergmoen då Hørte Sag og Solvang Trelast flytta bedrifta dit frå Hørte.

### Mange epokar og namn

Frå 1984 tok SD Cappelen over som drivar av sagbruket, og frå 1996 var det Forestia og Norske Skog sin tur. I 2000 tok Moelven Industrier over, og frå 2021 til 2023 var det Telemarksbruket AS som stod for drifta.

Så endeleg, i 2023, kom Hasås på banen. Begge dei to siste partane er eigd av ATSkog.

– Me må seie oss glad for at AT Skog kom inn og tok over. Det betyr positivitet og ei satsing på framtida, seier fabrikksjef Håkon H. Myhra.

Han legg til at dei meiner bedrifta har ei lys framtid, både med tanke på tømmermangel i Europa og stort potensiale til å auke avverkinga av skog i Noreg.

### Ungt og internasjonalt miljø

Telemarksbruket har i dag 30 tilsette og ei årsomsetning på rundt 100 millionar kroner. Så langt er toppåret 2021, då dei nådde opp i 120.000 millionar.

– Me er også nøgd med å ha seks kvinner på laget og ein snittalder på 45 år, seier fabrikksjefen.

Myhra legg til at for tida er det også seks tilsette som aukar kompetansen sin med å ta fagbrev. Dei har også ein lærling på bruket som skal bli industrimekanikar.

Myhra fortel dessutan om eit internasjonalt miljø med tilsette som opphavleg kjem frå Polen, Serbia, Bosnia og Burma.

– I pandemiåret 2021 sette me altså rekord. Byggjemarknaden tok heilt av då «alle» skulle pusse opp heime, seier han, og legg til at dei siste åra har derimot vore prega av tyngre bølgjedalar.

### Del av Hasås

Hasås er eit industriselskap som ligg i Kodal ved Sandefjord. Selskapet er eigd av AT Skog og har fire produksjonsstader som driv sagbruk og høvleri. Det skjer i Kodal, på Eikås og Telemarksbruket i Bø i Noreg og hos Lundgren i Sverige.

Hasås tok over Telemarksbruket den 1. november 2023, som betyr av avdelinga i Bø no er ein del av eit større industriselskap med hovudbase i Kodal. Telemarksbruket leverer trelast vidare til selskapets eigne anlegg i Kodal og Eikås.

Ny fabrikksjef på Telemarksbruket var på plass 1. oktober 2023 då Håkon H. Myhra tok over etter Ole Grimsgard som pensjonerte seg. Myhra er frå Larvik, men er busett i Skien. Han har lang bakgrunn frå AT-Skog.

### Stor investering

I 2022 investerte Telemarksbruket i to nye tørker til ein total kostnad på nær 20 millionar kroner. Ein tørker plankar og bord etter at dei er skore ved saga. Same år la dei nytt tak på produksjonslokalet og asfalterte opp delar av uteplassen.

– Tørkene gjer at me kan auke volumet og kapasiteten ved produksjonen vår. Det betyr at me skal setje opp farten her på Telemarksbruket, seier Myhra, og legg til at det handlar om eim auke frå dagens 75.000 til 120.000 kubikk tømmer.

Budsjettet for i år ligg på 90.000 kubikk. Det betyr også at det er behov for å auke arbeidstida. No køyrer dei derfor lengre dagar, heilt til klokka 18, fire dagar i veka.

På tømmertomta ligg det rundt 7.000 kubikk tømmer som held til cirka tre vekers produksjon. Her blir tømmeret levert, målt og sortert.

### Mindre bygging i Noreg

– Trass i at me har ei byggjenæring som slit, så har me greidd oss bra her på Telemarksbruket, og det utan permitteringar. Produksjonen har gått for fullt, men 2023 blei vårt dårlegaste år med ein minus i rekneskapen, seier Myhra.

Han legg til at 2023 var eit historisk dårleg år for heile bransjen i Europa.

Bygging av nye bustadar har i det siste vore historisk lågt i Noreg. Normalt har det blitt bygd 30.000 nye bustader på landsbasis, medan i fjor var talet på berre 14.000. Det slår negativt ut for heile byggjebransjen.

Året så langt ser likevel langt betre ut for Telemarksbruket.

– Marknaden er i betring og mange aktørar har tømt lagra sine i nedgangsperioden og må fylle på igjen. Derfor kan me no gå for full produksjon, seier Myhra.

### Spesialist på kjerneved

Telemarksbruket er eit lite sagbruk i norsk og nordisk målestokk.

– Me har utvikla og satsa på kjerneved som ein spesialitet frå Telemark. Sagbruket har over tid bygd opp ein marknad med god etterspurnad. Her tek ein i bruk malmfuru og sørgjer for betre inntening både for skogbrukar og sagbruk, seier Myhra.

Det betyr at ein klarar å foredle furutømmeret og lagar eit spissa kvalitetsprodukt som sluttkunden er villig til å betale ekstra for. Kjerneveden har naturleg haldbarheit og er vedlikehaldsfri.

– Me seier den er naturlig impregnert, seier Myhra, og er nøgd med at bedrifta er god på å foredle fin furu frå Telemark.

### Mykje eksport

Eit anna særtrekk med Telemarksbruket er at heile 25 prosent av produksjonen blir sendt utanlands. Mest til Sverige, Danmark og Nederland, men også til land som Egypt, Saudi-Arabia og Pakistan.

– Det som blir sendt lengst av garde er oftast av lågare kvalitet, medan den beste kvaliteten blir levert på den norske marknaden, forsikrar Myhra, og legg til at det generelt sett er viktig for dei

# t så sagflisa sprutar




FOTO: Øystein Akselbergl



**SATSAR PÅ KJERNEVED:** Fabrikksjef Håkon H. Myhra og Telemarksbruket satsar på furu frå Telemark. FOTO: Øystein Akselberg



**MANGE TILSETTE:** Operatør David Andersen var å finne på jobb denne dagen. FOTO: Øystein Akselberg




**TØMMERTOMTA:** Her blir tømmeret levert og lagra. FOTO: Øystein Akselberg

som bedrift å produsere for fleire ulike marknader.

## Gjenbruk og miljø

Bedrifta har etter at Myhra kom inn døra hatt mykje fokus på å sørgje for bruk av alle biprodukt som følgje av prosessen. Det handlar om bork, celluloseflis, sagflis og oske frå biobrenselanlegget.

Sagflis blir det betydelege mengder av. Dei brukar også dette internt til oppvarming av vatn dei brukar sjølv. Dei har eigen biokjele som gjev varme til tørkemaskinene og varme til produksjonslokala. Elles leverer dei flis til både Elkem og papirproduksjon på Norske Skog, samt sagflis til Moelven bruk, som lagar pellets.

– Dette er miljøvenlege produkt som er viktig å få nytta. Me vil gjerne samarbeide med aktørar lokalt som kan utnytte desse biprodukta, seier Myhra, og legg til at i dag blir mykje frakta ganske langt til sluttbrukarane.

## Heilautomatisk

Frå kranhuset går me vidare til sagbruket sitt hjarte og hjerne. Her møter me sagoperatør Dino Tahi rovic. Han er opphavleg frå Sarajevo og har jobba ved sagbruket i fem år.

Tahirovic overvakar saga med ei rekkje monitorar og har kontakt ut mot andre folk i prosessen. Tømmeret går fleire rundar i saga både med avbarking, skjering og til slutt sortering før plank og bord går til den store tørka. Flisa blir sortert og blir lagra i store haugar og blir seld vidare til annan industri.

– Takka vere fabrikksjefen brukar me no alt av bork, flis og sagspon. No tenar me pengar på alt og har ikkje noko avfall, seier Tahirovic og rosar sjefen.

– Prosessen er heilautomatisk, men det skjer alltid noko, seier han, og legg til eit «bank i bordet», for sikkerheits skuld.

– Det gjeld å få ein god flyt, slår Tahirovic fast.

God flyt hadde dei ein onsdag nyleg. Då gjekk 726 kubikkmeter tømmer gjennom saga på ein dag.

– Det er ein historisk dagsrekord, seier fabrikksjef Myhra, og legg til at normalt ligg det mellom 350 og 500 kubikk på ein vanleg dag.



**I PRAKSIS:** Andreas Bjørndalen (17) frå Notodden går maskinførarlina i Lunde og køyrer hjullastar. FOTO: Øystein Akselberg




**HØGE KRAV:** Eigedomsmeklar Aud Elin Lio fortel at nederlendarar som jaktar på hus i Midt-Telemark har høge krav.

# Trur Lifjell lokkar

**– Lifjell hjelper. Det er snøsikkert og med gode løyper. Godt klima er òg bra.**

Marta Kjøllesdal
marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

Aud Elin Lio, eigedomsmeklar i Lokalmegleren & Partners fortel at fleire utlendingar kjøper hus i Midt-Telemark.

Ho tenkjer ikkje minst på nederlendarar som er på jakt etter hus. I vinter har fire nederlandske familiar kjøpt bustad i Bø. Dei skal overta til sommaren. Lio fortel at det er mange utlendingar som er interesserte i å kjøpe ein plass å bu i Midt-Telemark. Dersom draumeobjektet dukkar opp, trur ho dei kjem.

I tillegg til nederlendarar har ho merka interesse frå tyskarar. I vinter har ein fransk-amerikanar kjøpt hytte på Lifjell. Akkurat Lifjell trur ho kan vere med å trekke folk.

– Folk har leigd hytte og vore der i vinter, og leitar nå i området. Dei har kjøpt kort i bakken, stått på ski og elskar det, fortel Lio.

– Godt klima og mange aktivitetar er nemnt som positive faktorar, legg ho til.

## Meir for pengane

Lio trur nederlendarane ser at dei får meir for pengane i Noreg enn i heimlandet.

– Dei har høge krav, påpeikar Lio, og legg til at når dei først skal flytte vil dei ha god plass. Gjerne eit småbruk med både skog og dyrka mark. Dei vil kunne dyrke grønsaker, hogge eigen ved og ta imot besøk.

– Dei vil gjerne ha småbruk. Ti mål held ikkje, det må gjerne vere 50 mål, seier Lio.

## Den andre gruppa

Lio fortel at det også er ei anna gruppe huskjøparar frå Nederland. Dei vil ikkje nødvendigvis ha seg småbruk, dei kan godt jakte på hus i eit byggjefelt som Breisås, men dei vil ha god standard og ikkje oppussingsobjekt.

– Dei er gjerne akademikarar og satsar på å få seg jobb her.

– Det er familiar som kjem. Eg håpar kommunen merkar det, påpeikar ho.

## – Bø er passe stort

Lio har inntrykk av at Telemark blir sett på som typisk norsk. Det er godt klima her, skog, natur og god plass. Bø er passe stor, trur ho.

*– Kva kan kommunen gjere for å legge til rette for slike huskjøparar?*

– Dei må få lov til å kome med utradisjonelle val når dei skal pusse opp eller rive gammalt, meiner eigedomsmeklaren.

Ho fortel at dei gjerne er i gang med norskkurs når dei kjem hit og er opptekne av at alt skal gå etter reglane.

## Marknaden har losna

Lio fortel at det var lite aktivitet i husmarknaden i vinter. Det stoppa opp for mange av dei som la ut hus i haust.

– Ved påsketider vart det varsla stabil rente. Det var nok til at folk igjen får råd og kan flytte, seier Lio.

Ho forklarar at bankane også har blitt meir fleksible med mellomfinansiering.

Ved visningar etter påske har hus blitt selt dagen etter bodrunde. Det viser at det er fleire som er interessert, seier Lio.

Ho meiner «proppen har losna», og at det no er behov for hus.






## Bli en del av vårt faglig engasjerte og hyggelige arbeidsmiljø

**Arbeidsoppgaver:**

- Serviceoppdrag for privat- og næringskunder
- Elektroinstallasjon i boligsammenslutninger
- Elektroinstallasjon i næringslokaler
- Solcelleinstallasjoner

**Kompetansekrav:**

- Fagbrev gruppe L
- Førerkort klasse B
- Beherske norsk, skriftlig og muntlig

**Vi tilbyr:**

- Godt arbeidsmiljø
- Firmabil og nødvendig utstyr
- Faglig engasjerte kolleger
- Kurs og opplæring etter behov og ønske
- Gode lønnsbetingelser
- Mulighet til å ta del i et ungt firma i vekst

MITEK MIDT-TELEMARK ELEKTRO

elfag




Vi ønsker å gjøre husbygging så miljøvennlig som mulig, fordi klima og bærekraft er viktig for oss. Vi er en del av VestlandsHus-kjeden som er eneste huskjede som leverer svanemerkede hus. Et svanemerket hus gir deg mange fordeler: bedre inneklima, lavere strømregning og mulighet for grønne lån eller lån i Husbanken. Med lokal kunnskap fra vårt område, og sentral erfaring fra VestlandsHus gir vi deg drømmehuset - bare mer miljøvennlig.

Kontakt oss i dag på tlf 95 16 30 18 for å høre mer om å bygge et svanemerket hus, eller scan QR-koden for mer informasjon.

# Henrik har hus på b

**I den gamle pakkbua på Årnes brygge, med utsikt over Norsjø og fri sikt til Nes kyrkje, har Henrik Ødegaard funne si komponiststove. Her lagar han musikk som blir framført over heile verda.**

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf. 930 22 398



**PAKKBUA:** Komponist Henrik Ødegaard ved den gamle pakkbua på brygga, bygd på 1930-talet. Nå blir det skapt ny musikk i det gamle lageret

– Det er heilt ideelt. Her er det stille, utsikten er utruleg fin og skiftande med veret. Eg kan ikkje klage på noko anna enn meg sjølv viss det eg komponerer her ikkje blir bra, seier komponisten, som har heile verda som publikum.

**Internasjonalt publikum**

Med stort og smått er mange hundre verk skapt i huset på bryggekanten. Kor mange veit han ikkje, men på nettsida henrikoedegaard.no omfattar lista «Viktigste verk» 65 verk. Musikken hans er framført i heile Skandinavia, samt i Estland, Latvia, Polen, Tsjekkia, Ungarn, Italia, Frankrike, England, Tyskland, Irland, Belgia, Russland, Sør-Afrika, Japan, Canada og USA.

I den nye norske salmeboka har han ti melodiar til bruk under høgmesser. Henrik Ødegaard sine komposisjonar er å finne på 30 album. I 2021 blei han Spellemann-nominert for Beatitudes, og i 2023 kom Music by Henrik Ødegaard med det estiske koret Vox Clamantis ut på det tyske og svært anerkjende plateselskapet ECM. Det opna nye dører.

– Det var skikkeleg stas. ECM er selskapet alle drøymer om. Plata blei lansert i mai i fjor og da ringde det journalistar frå USA, Tyskland og England, fortel Henrik.

**Starta i korps**

Henrik Ødegaard voks opp på Holmlia i Oslo, med ei mor som lika klassisk og ein far som lika jazz. Ingen av dei var utøvande musikarar, med begge hadde stor kjærleik til musikk.

– Dei oppmuntra oss veldig, seier Henrik, og fortel at ein gong i veka blei han og systera Elin tatt med til Barratt Due sin musikkbarnehage i Oslo.

Seinare blei det Ljan skolekorps og Kolbotn ungdomskorps, der han spela basstrombone. Det prisvinnande ungdomskorpset blei leia av dirigent Tom Klausen, som også tok 16 år gamle Henrik med inn i Bærum symfoniorkester.

– Kolbotn ungdomskorps blei ei gullgruve for meg. Nivået var skyhøgt, fortel Henrik.

Meir musikk og song blei det i ungdomsmiljøet i Nordstrand menighet, der han ein dag blei utfordra av organist Terje Kvam til å dirigere kor. Unge Henrik, som gjekk på reallina på gymnaset og skulle bli ingeniør, endra kurs og søkte seg inn på Norges musikkhøgskole (NMH).

**– Ein serie tilfeldigheitar**

Den musikalske utviklinga til Henrik Ødegaard er prega av det han sjølv kallar ein serie tilfeldigheitar og flaks, samt ei rekke nøkkelpersonar har han møtt undervegs.

På lina han hadde valt på musikkhøgskulen, handla mykje om undervisning i musikkskule og grunnskule. Så fekk han trong til å studere orgel, og etter NMH blei det kyrkjemusikkstudiet i Bergen. Da han i 1980 var ferdig der, søkte han og fekk jobb som organist i Heddal og Lisleherad. Dermed flytta Henrik og kona Kari Carlsen, da lærarstudent på Notodden, til Telemark og Heddal.

Dette var ikkje fyrste møtet med Telemark for Kari og Henrik. På 1970-talet hadde det unge kjærasteparet vore på haiketur i Telemark, noko som både var spennande og eksotisk. I Vinje fekk dei høyre Draumkvedet, framført av Ellen Nordstoga, fortel Henrik. Det var ei stor oppleving.

**Telefon frå Knut Buen**

Folkemusikk er blitt ei viktig kjelde til inspirasjon for komponist Ødegaard. Osloguten hadde ikkje vore mange dagane i Telemark før folkemusikken banka på.

– Etter ei veke i Heddal ringde telefonen, og det var Knut Buen. «Burde ikkje me ta ein prat», sa Buen. Sidan har me hatt mange spennande samarbeid. I Telemark fekk eg tilgang til dei aller beste folkemusikarane, fortel Henrik.

Også kvedaren Sondre Brattland frå Vinje kom han raskt i kontakt med. Dei har over fleire år hatt eit nært og godt samarbeid.

**Kyrkjebygga inspirerer**

I 1982 byrja Henrik som organist i Sauherad og Nes, med to 1100-talskyrkjer som arbeidsplass.

– Da fekk eg verkeleg smak på mellomaldermusikk, og det

# rygga: – Heilt ideelt



FOTO: Gro Birgitte Røiland



**VAKKERT LYS:** Store dører med fortid i Saude og Nes sparebank på Akkerhaugen slepper lys inn i komponisthuset.



**ARBEIDSPLASS MED UTSIKT:** Komponisten ved arbeidsbordet med utsikt over Norsjø.




**YRANDE LIV:** Årnes brygge var eit viktig trafikknutepunkt med yrande liv. Her gjekk båtane til og frå Skien. FOTO: Privat

på grunn av desse bygga som har stått her så lenge, seier Henrik.

Han meiner organisten sin jobb er å få folk til å synge. Både i kyrkjene og kulturskulen i Sauherad brukte han mykje tid på å bygge opp fleire kor, både for barn og vaksne. I arbeidet med kora var behovet for musikk stort.

– Mykje er laga, men plutseleg trong eg musikk som ikkje var laga. Det var slik eg byrja å komponere, fortel Henrik.

Det gav meirsmak, og Henrik søkte seg tilbake til Norges musikkhøgskole og 3 år på diplomstudiet i komposisjon.

## Gregoriansk på nynorsk

Ei anna viktig inspirasjonskjelde for Henrik er gregoriansk song, som høyrer mellomalderen til.

Interessa for kyrkjemusikken frå mellomalderen førde han i 1995 til eit sommarkurs i Frankrike. Etter kurset blei han og to andre nordmenn inviterte til å byrje på studium i gregoriansk korleiing. Henrik fekk uløna permisjon frå organistjobben i Sauherad i eitt år, og familien på fire flytta til Paris. Tilbake i Sauherad starta han opp kveldsbøn med song i Nes kyrkje, for å prøve ut korleis ein kan synge mellomalderens gregorianske musikk med latinske tekstar på nynorsk.

I 2006 sa han opp stillinga i Sauherad og Nes sokn. Sidan har han kombinert komponering med undervisning på Praktisk teologisk seminar på Universitetet i Oslo. Igjen handlar det om song og formidling gjennom song.

Henrik starta å komponere heime på Prestholt, men midt på 1990-talet fekk han leige pakkbua på Årnes som arbeidsrom. Arnt Darrud hadde tidlegare pussa opp det gamle lageret frå 1930-talet og brukt det som atelier. Etter nokre år som leigetakar fekk Henrik kjøpt huset på bygga. Det som opphaveleg var eit enkelt lager for varer som skulle med båten frå Årnes til Skien, er nå eit varmt og triveleg næringsbygg der komponisten stortrivst. Her har han kjøkkenkrok, vedovn, god plass til å arbeide og inspirerande utsikt til Norsjø og mellomalderkyrkja på Nes.

Noko av det som ligg på arbeidsbordet i komponiststova nå, er skisser til eit korverk som Ung kirkesang skal framføre under Stavanger by sitt 1000-årsjubileum i 2025.

– Det er eit stort og kjempespennande oppdrag, og nå er eg i den gøyale fasen, seier Henrik.

Å planlegge innspeling av korverket Te Deum, med tekstar av Jon Fosse og musikk av Henrik Ødegaard, er eit anna prosjekt det blir jobba med på bryggekanten. Finansiering er på plass, Grappa gir ut plata og innspelinga er i august.

– Det gler eg meg frykteleg til, seier Henrik Ødegaard og smiler.

# – Spennande, men fr

**Marianne Straume bur på Langkåshaugen saman med sonen Ola på seks år, i eit hus ho sjølv har teikna.**

*Marie Olderkjær*
*redaksjon@boblad.no*



**TEIKNA SJØLV:** Marianne Straume er arkitekt og har sjølv teikna huset ho bur i. Sjå fleire bilde på boblad.no.

– Det er eigentleg eit ganske lite hus i forhold til det som er normalt no. Huset er 160 kvadratmeter, seier arkitekt Marianne Straume.

Ho har vore oppteken av å bruke lokale handverkarar.

– Det var far min som fekk byggeansvaret. Han er nemleg snikkar. Elles har eg brukt lokale entreprenørar og elektrikarar. Det er viktig å støtte dei lokale, seier Straume.

## God bruk av areal

Grunnarbeidet til huset vart starta sommaren 2018. Sjølve byggjearbeidet starta i oktober 2018, og huset stod ferdig i mai 2019.

Arkitekten sjølv fortel at ho prøver å bruke plassen effektivt.

– Eg har hatt fokus på å ha ei open planløysing. Eg vil ikkje la ein einaste kvadratmeter gå til spille. Det skal vere minst mogleg gangareal.

Straume seier også at ho har forsøkt å bruke materiale som held seg over tid. I første etasje er det betonggolv og gipsveggar, medan andre etasje har panelveggar og furugolv.

## – Vedlikehaldsvenleg

– Bygningen er ein trebygning. Det er vedlikehaldsvenleg kledning. På utsida av vidauga er det aluminium, så det toler regn og vind. Elles så er det bygd på ein tradisjonell måte. Eg har prøvd å bruke litt meir tid på å tenke nøye på planløysinga. Då slepp eg å drive å ommøblere ofte. Slik blir kjøkenet nytta som opphaldsrom og gang, slik at eg får utnytta alt arealet, seier ho.

## Tomta er det viktigaste

Straume skildrar tomta som det aller viktigaste med huset.

Det er bra solforhold på tomta, og det er sol om lag heile tida.

– Eg har forsøkt å orientere huset mest mogleg slik at at eg får utnytta mest mogleg uteplass. Eg vil ha det slik at ute og inne glir litt inn i kvarandre, seier ho.

På utsida er det også tre som gir mykje naturleg skjerming mot innsyn. Dette gjer at det ikkje er noko stort behov for gardiner, noko som igjen gir moglegheit for å utnytte det naturlege lyset.

## Teikna det sjølv

Straume, som til vanleg jobbar i SØR arkitekter, fortel at det var ei lita utfordring å teikne sitt eige hus.

– Det var veldig spennande, men også frustrerande å teikne eige hus. Det er jo faget mitt. Men det er ei veldig god kjensle. I tillegg er det veldig nyttig jobbmessig å sjå kva ting eigentleg kostar. Det er ein måte å lære å ta smarte val, og gjere ting meir optimalisert, seier arkitekten.

Straume er svært nøgd med slik det no er det blitt, og er veldig glad for at ho har fått det slik som det er.

– Det er ikkje så mange tomter på Langkåshaugen, men eg er veldig nøgd med denne. Eg trivst veldig godt her. Det er kort avstand til sentrum, og det er lett tilgang på naturen. I tillegg er det koselege naboar, og det er meir ro her enn ein får ved å bu i byggefelt, seier Marianne Straume og legg til:

– Det er også eit barnevenleg område, og det er trafikksikkert. Det er mogleg å sykle og spele ball ved vegen.



**GOD PLASSERING:** Det er veldig gode solforhold på tomta, og det er naturleg skjerming mot innsyn.

FOTO: Marie Olderkjær

# rustrerande



ALLE FOTO: Marie Olderkjær



**AREALEFFEKTIVT:** Ved å bruke kjøkenet som gang blir det også mindre dødareal i huset. FOTO: Marie Olderkjær







**TREHYTTE:** I Lektorvegen er Liv, Luis, Marie og Ola nærmaste naboar, med hol i gjerdet mellom eigedomane og trehytte i hagen. Sjå fleire bilde frå husa i Lektorvegen 37 og 43 på boblad.no. ALLE FOTO: Even Tveito Lundefaret

# Søskenbarn og god

**Liv (9), Luis (6), Marie (6) og Ola (6) har hol i gjerdet og trehytte i hagen. Søskenbarna er nærmaste naboar etter at foreldra kjøpte hus i Lektorvegen.**

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

– Det starta med Kine, seier Even Tveito Lundefaret, bror og nærmaste nabo til Kine.

I 2019 kom Lektorvegen 43 i Bø for sal. Einebustaden frå 1960, arkitektteikna av Rolf Wahlstrøm for familien Lønnestad, blei lagt ut for 4 millionar kroner. Bustaden hadde eit bruttoareal på 375 kvadratmeter og tomt på 1,2 mål.

**Rette prosjektet dukka opp**

Kine Tveito Lundefaret (42) og Morten Espe (42), begge lundeheringar, budde i Oslo med sønene Ola og Luis. Kine jobba som innhaldssjef i TV2, Morten var ingeniør. Livet i byen var bra.

– Me hadde ein laus plan om å flytte oss heimover. Da me fekk tvillingane, hadde me lyst til å bu nærmare familie, fortel Kine.

At den lause planen brått blei verkeleg, skuldast Lektorvegen 43.

– Det blei litt før me hadde tenkt. Da me fann det rette prosjektet, kasta me oss rundt, fortel Kine.

Huset blei deira for 4,4 millionar kroner. Fleire ting ved eigedomen appellerte til Kine og Morten.

– Det kjentest som oss. Eigedomen låg fint til, med fin hage. Huset var litt utanom det vanlege og hadde sjel. Me er veldig





**LEKTORVEGEN 43:** I Lektorvegen 43 bur Kine Tveito Lundefaret og Morten Espe.



**LEKTORVEGEN 37:** I Lektorvegen 37 bur Marit Sanda Lundefaret og Even Tveito Lundefaret.



**LEKTORVEGEN 43:** Heime hos Kine Tveito Lundefaret og Morten Espe i Lektorvegen 43.

# le naboar

glade i tidsepoken som huset er frå, seier Kine.

**Sende annonse til bror Even**

Da Kine med familie flytta heim til Telemark, budde bror Even Tveito Lundefaret (38), Marit Sanda Lundefaret (38) og døtrene Liv og Marie att i Oslo. Even jobba som lærar på Slemdal skole, Marit med rekneskap i Sector Alarm. Tanken på å flytte tilbake til Midt-Telemark var ikkje ukjent.

Ikkje lenge etter at Kine og Morten hadde kjøpt hus, kom Lektorvegen 37 for sal med prisantydning 2,2 millionar kroner. Det var nærmaste nabo til Lektorvegen 43, med lang, felles tomtegrense. Kine sende salsannonsa til Even og Marit i Oslo.

Huset i Lektorvegen 37, som blei bygd i 1955 til familien Liestøl, hadde eit bruttoareal på 222 kvadratmeter. Tomta var på 660 kvadratmeter. Her kunne Marit og Even få god plass, hage og sentral plassering rett ved Bø skule.

Dei beit på agnet til Kine, og i 2019 blei leilegheit på 84 kva-



**LEKTORVEGEN 43:** Heime hos Kine Tveito Lundefaret og Morten Espe i Lektorvegen 43.

dratmeter i Oslo bytta ut med einebustad i Bø til 3,3 millionar kroner. Etter nokre månadar med oppussing, flytta dei inn i 2020.

### Mykje oppussing

Dei to nabohusa i Lektorvegen har begge fått ei solid oppussing, med mellom anna nye kjøkken, bad, golv, vindauge, nye romløysingar, vassboren varme i golv, drenering, veggflater ute og inne, isolasjon og tak.

– Me har vore mykje på Fargerike og kjøpt måling, seier Kine.

Huset i Lektorvegen 37 hadde eit tilbygg på ein etasje. Her har Marit og Even bygd på i høgda og fått ein ekstra etasje og hems.

Marit har teikna mykje av løysingane sjølv, mens far hennar, Arne Sanda, har vore primus motor for ombygginga.

– Eg trur ikkje me hadde turt å køyre i gang utan å ha med pappa, seier Marit.

### Mellom Lunde og Øvre Bø

Kine, Even og Morten er alle frå Lunde, mens Marit er frå Øvre Bø. Tre av dei har gått på vidaregåande skule i Bø og har mange gamle kjente i området.

Alle har fått nye jobbar innan rimeleg avstad. Morten som ingeniør hos FMC Technip på Kongsberg, Kine er rådgivar og innhaldsprodusent i Superlativ, Marit er rekneskapsansvarleg i Monter Kragerø med kontorplass på Brenna og Even har realisert draumen om å jobbe med foto og film i eige firma.

– *Kvifor valde de Bø og ikkje Lunde?*

– Bø er litt større, det skjer litt meir her. Men me er framleis lundeheringar i hjartet, seier Kine.

– Da me budde i Oslo, var det fint å reise heim til Lunde på ferie. Nå kan me framleis få feriekjensle når me drar til Lunde. Og så er det midt mellom Lunde og Øvre Bø, seier Even med glimt i auget.

### – På grensa til idyll

Even og Kine med familiar stortrivst med å bu i Bø og med hus tomt i tomt.

Vegen til skule og jobb er kort, og i motsetning til i Oslo brukar dei lite tid på reiseveg mellom heim, jobb og skule.

Ungane leikar mykje saman og spring inn og ut hos kvarandre.

– Morten har laga hol i gjerdet, seier Even.

– Det er på grensa til idyll, seier Kine og ler.

– Me har ein lillebror i Oslo. Nå er planen å få han også hitover. Han har nokre år på seg, seier Even.



**LEKTORVEGEN 43:** Heime hos Kine Tveito Lundefaret og Morten Espe i Lektorvegen 43.



**LEKTORVEGEN 37:** Heime hos Marit Sanda Lundefaret og Even Tveito Lundefaret i Lektorvegen 37.



**LEKTORVEGEN 37:** Heime hos Marit Sanda Lundefaret og Even Tveito Lundefaret i Lektorvegen 37



**LEKTORVEGEN 37:** Heime hos Marit Sanda Lundefaret og Even Tveito Lundefaret i Lektorvegen 37.

# Dialektplakat




30 x 40 cm.

Passar både på hytta og i heimen!

med ramme Kr. 300,-

utan ramme Kr. 200,-

Bø blad
Lokalavis for Midt-Telemark

# HELE 3 GANGER PICK UP OF THE YEAR

**Suksessen fortsetter! Isuzu har allerede vunnet 3 priser som Pick Up of the year 2023.**

4x4 PICK-UP OF THE YEAR 2023

WhatVan? AWARDS 2023 WINNER MANUFACTURER AWARDS Pick-up of the Year Isuzu D-Max

COMPANY CAR AND VAN 2023 Pick-Up of the Year Isuzu D-Max




**Nye Isuzu D-Max er utstyrt på nivå med topp moderne personbiler. Ta plass og opplev bl.a. nye el.justerbare premium skinnseter, trådløs Apple CarPlay, adaptive cruise control, 8 høyttalere, justerbart skinnratt – alt for å skape den beste kjøreopplevelsen. Isuzu er markedets sikreste Pick-Up, belønnet med 5 stjerner i Euro NCAP i 2022.**

Ekstremt høyt utstyrsnivå | Sterke spesifikasjoner | Klasseledende sikkerhet | Raskest levering

PRIS FRA
**3.907,-**
PR MND EKS MVA

*** 4 dørs premium automat Black Edition inkl. Vinterhjul.**
*Vilkår leasing: Kjørelengde: 36 mnd./15.000 km pr. år. Forskuddsleie: 80.000,- eks. mva. Etablering: 4.795,-. Nominell rente: 7.40%. I tillegg kommer årsavgift, forsikring og termingebyr på 95,- kr. pr. mnd. Vinterhjul, matter og tectyl er inkludert.

**«Konkurrenter: Se opp!»**
Yrkesbil

**«Barskhetens tid er ikke forbi»**
**«Du har kjørt feil bil hele livet, det er pickup med diesel som er sjefen»**
Finansavisen Motor

## KONGEN AV PICK-UP HAR BLITT HELT NY!

### PREMIUM UTSTYRSPAKKE VERDI 69.000.- BETAL KUN KR 20 000.- SPAR 49.000,-

**Adaptive cruise control, regnsensor, automatiske fjern og nærlys, BI-LED automatiske nær og fjernlys, elektronisk differensialsperre, Apple CarPlay og Android Auto, ryggekamera, 8-veis elektrisk setejustering, skinnratt, skinnseter ekstra komfort, to-sonet klima, teleskopjustering ratt, 18 tommer aluminiumsfelger, kollisjonsvarsling (FCW), nødbrems (AEB), trafikkskilt gjenkjenning (TSR), intelligent fartsbegrenser (ISL), filholder (LKAS), filskiftevarslingsystem (LDWS), opptil 8 høyttalere og mye mer.**

**VELG MELLOM**
- Pick-UP
- Black Edition
- Trooper
- Magnum
- Arctic Truck

Isuzu har vunnet en rekke prestisjetunge priser i Storbritannia, som er Europas største marked for salg av pickuper. D-MAX har blant annet vunnet “2022 Pick-up of the Year”-award og “Company Car and Van 2022”-award. D-MAX har også høstet utmerkelser for sitt høye sikkerhetsnivå, og ble belønnet med fem stjerner og full pott i Euro NCAP. Ingen andre pickup-er har oppnådd like høy score. Dermed er Isuzu også den sikreste pickupen på markedet.

**Fra kun kr 549.990,- inkl mva.** (herav mva kr 82.177,-)

ISUZU
Tøffest i klassen • isuzu.no

SELJORD BIL
Tlf. 350 64 100 | Århusmoen 1 - 3840 Seljord
bilsalg@seljordbil.no | www.seljordbil.no

LAUVSTAD BIL NOTODDEN
Semsveien 37, 3676 Notodden
Mob: 459 72 988 / 415 66 643 | lauvstadbil.no






Din støtte
**redder liv**

**Bli fast giver!** Gi ett menneske rent vann livet ut – hver måned.

Send SMS med kodeord **LIV** til **2426** (300,-/md.)

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

www.kirkensnodhjelp.no



**NYTT PÅ BADET:** Anne Torill Fles har baderomsutstilling i både kvitt, eik og svart. FOTO: Øystein Akselberg

# Vel svart på badet

**Me har teke turen til Haugestøl VVS i Stasjonsvegen for å sjekke kva som rører seg innan bad, og om det er spesielle trendar for baderommet for tida.**

Øystein Akselberg
oystein@boblad.no – tlf. 906 38 453

I lokalet til røyrleggarforretninga øvst i Stasjonsvegen møter me butikk- og kontormedarbeidar Anne Torill Fles. Ho er opprinneleg gvarvianar, men bur i Bø og har jobba i verksemda sidan 2017.

### Trendar i ulike retningar

Fles har fleire stikkord når det gjeld kva kundar spør etter til både nye bad og ved oppgradering av eksisterande.

– Da må eg trekkje fram fargen svart, enklare reinhald og etterspurnad etter kvalitet, seier ho.

Kundar av i dag vel gjerne baderomsinnreiing, møblar, blandebatteri, vask, toalett og tilbehør i svart.

– Det har vore stille på byggjefronten ei stund no, men nokre større prosjekt som til dømes Oppheimjordet har det vore. No håpar me at marknaden vaknar til liv igjen og at det blir ein oppgang i salet, seier Fles.

### Mange alternativ

I utstillingsavdelinga i butikken kan ho vise fram baderomsinnreiing frå ulike leverandørar og i ulike stilar. Her er fleire alternativ i svart, men her finst også lysare fargar.

Ein leverandør av innreiingar har jentenamn på dei ulike modelllane sine, mellon anna finn ein Emma i eikefarge og Selma i svart eik.

Ein annan leverandør har også både mørke og kvite alternativ

Fles ser at den vaksne kundegruppa som gjerne skal oppgradere badet sitt etterspør svart innreiing.

– Denne gruppa ser også etter innreiing som er lett å halde rein og dei vil ha kvalitet, seier ho.

### Lettare reinhald

Også på kjøkkenet kan det vere svart som er in, med for eksempel svart kjøkkenbatteri på vasken og med uttrekkbar tut.

Og sjølvsagt kan også dusjbatteriet vere svart. Her får du også takdusj og regndusj.

Reinhald er dessutan eit viktig stikkord.

– Me har toalett utan spylekant, såkalla rimfree. Det lettar reingjeringa og er alternativ utan krinkelkrokar, seier Fles.

Dusj som er lett å halde rein er også etterspurt.

– Ei kundegruppe som me kan definere som 40 pluss etterspør kvalitet, meir enn yngre og nyetablerarar gjerne gjer, seier ho.

Fles kan til slutt avsløre at ho trur det kjem fleire alternativ frå leverandørane i år.

– Ja, eg reknar med at det no kjem meir interiør i kvitt, seier ho med eit smil.

Så vil tida vise om 2024 blir året der det snur frå svart til kvitt.



**LYST OG MØRKT:** Kundane hos Haugestøl vil ha lettstelt baderomsinteriør. FOTO: Øystein Akselberg



**DETALJAR:** Folk vil gjerne ha det fint på badet, og styler gjerne med fiffig tilbehør. FOTO: Øystein Akselberg

Vi kan levere alt av:

• pukk • grus • stein • betong

over hele Midt-Telemark!

HELLESTAD SANDTAK








**Kurs i bruk av personløftere**
**tirsdag 14. mai kl 07.30,**
for informasjon og påmelding **post@bolift.no**

**MASKINER** OG **UTSTYR** TIL **PRIVATE**- OG **BEDRIFTSKUNDER**





**UTLEIESENTERET**

**Bø Lift og Maskinutleie AS**

Du finner oss på Brenna – mellom Bø og Gvarv • Tlf. 957 66 777 • www.bolift.no



**FLOWER POWER:** Med grøn plante, trepanel på veggen og ein stol i rotting, blir det ikkje mindre retropreg når eit fargesprakande oransje blomsterteppe ligg på golvet ALLE FOTO: IFI

# 70-talsstilen er in

**Som ei motrørsle til nordmenn sine trygge, kvitmalte heimar, kjem velkjende retromønster no tilbake i trendbildet.**

*Informasjonskontoret for farge og interiør*

Mange som har levd gjennom 70-talet har sine sterke meiningar om interiørstilen som var populær den gong. For nyare generasjonar er det eksotisk, nytt og spennande, men for andre er det kanskje litt for tidleg å sjå den no 50 år gamle trenden bli fødd på ny.

– Elska og hata! Ingen kan, uansett kva ein måtte synast, nekte for at den ikoniske 70-talsstilen bringar med seg ein unik atmosfære til eit kvart rom, seier Charlotte Holberg Sveinsen, kreativ leiar og fargesjef i IFI – Informasjonskontoret for farge og interiør.

Ordet retro betyr tilbake eller bakover. I moderne interiør betyr retro at produktet er produsert i nyare tid, men etterliknar ekte vare frå tiåra 1950-, 60-, og veldig ofte 1970-talet.

### Jo meir, jo betre

Vintage og gjenbruk var hjørnesteinar i den originale 70-talsstilen, og det er det også no. Med andre ord er dette ei god anledning til å rote rundt i kjellar og loft etter møblar eller andre dekorelement – eller kanskje ta ein tur til nærmaste bruktbutikk eller loppemarknad.

– Eit av dei mest iaugefallande elementa i denne stilen er bruken av mønster. Frå abstrakte geometriske former til blomstermønster og bohemske uttrykk, held Holberg Sveinsen fram, før ho legg til:

– Og jo meir, jo betre.

### Slik gjenskapar du stilen

Vel jordfargar med mykje kulør: brun, oransje, olivengrøn, gyllenbrun og burgunder.

Mønster: vel mellom blomar, geometri, psykadeliske og fargesprakande uttrykk.

Tekstur: fløyel, «shag»teppe og makramé.

Finn fram bogane: designa var ofte avslappa med mjuke, avrunda former.

Naturmateriale: tre i ulike naturlege fargar og rotting.

Gjenbruk og handverk: vintage, pent brukt eller handlaga dekor.

Plantar: grøne plantar var eit vanleg syn på 70-talet, gjerne hengande frå taket.

Varm belysning: lamper og lysekroner kan gjerne ha særeigne former og fasongar, og ei varm, dempa belysning lagar ein koseleg atmosfære.



**ORANSJE:** Er dette tapetet frå 1970? Neida, det er ein ny kolleksjon og året er 2024. FOTO: brizmaker – stock.adobe.com



**STORT MØNSTER:** Pastellar, olivengrøn og store blomstermønster, og me blir dregde rett tilbake til hippiane si verd.

# Sjekk vårt gode utvalg av eiendommer for salg

## ENEBOLIGER


Reina 3



Trongkleivvegen 12


Åslandsvegen 9



Romnesvegen 63

## FRITIDSBOLIGER



Krintovegen 37



Krintovegen 39


Manheimtrondi 1102


Langbråten 5


Hyttedalsvegen 243


Grostuldalen 23

## LEILIGHETER


Underhaugvegen 3I


Gymnasbakken 51D



Gamleveg 35A

## TOMTER


Lifjellvegen 199

## Ta kontakt med oss om du skal selge bolig!

**Vilde Juvet Steinmoen** ✆ 41 18 13 31 ✉ vilde.juvet.steinmoen@aktiv.no

Du finner oss i Stasjonsvegen 33, Bø

aktiv.no

aktiv.

# Omsetning av eigedomar i Midt-Telemark kommune

**Gunheimsvegen 61** (Gnr 180, bnr 4) er overdradd for kr 2.925.000 frå Aslak Gunnheim til Gro Anette Gunnheim (29.02.2024)

**Gamlegata 44** (Gnr 178, bnr 212) er selt for kr 1.800.000 frå Ernst Marius Thomassen til Torunn Tandberg (01.03.2024)

**Rallevegen 256** (Gnr 1, bnr 31) er selt for kr 450.000 frå Kjell Ivar Brodahl til Margit Ramsrud (01.03.2024)

**Engenevegen 46** (Gnr 12, bnr 3) er selt for kr 1.125.000 frå Elisabeth Børven og Nils Børven til Gunn Lisbeth Brudal Sørensen og Per Gunnar Sørensen (01.03.2024)

**Nordbølia 21** (Gnr 54, bnr 93) er selt for kr 5.150.000 frå Jonas Måkestad Meland og Lovise Kleiva Meland til Anette Storsveen og Johan-Egil Storsveen (01.03.2024)

**Jønnebergvegen 60** (Gnr 33, bnr 4) er overdradd frå Arne Hegnastykket til Niri Hegnastykket (01.03.2024). Overdragelsen omfattar også Jønnebergvegen 76 (Gnr 33, bnr 6)

**Rådyrvegen 3** (Gnr 51, bnr 434) er selt for kr 5.250.000 frå Maria Forberg og Vegard Johansen til Stian Dalen og Anette Schia Kaasa (04.03.2024)

**Svingen 1** (Gnr 49, bnr 150) er selt for kr 3.550.000 frå Ole Kristian Moen til Tom Lundtveit (04.03.2024)

**Lektorvegen 3** (Gnr 47, bnr 77) er overdradd frå Gunnar Hallstrøm til Tove Strandbakke (01.03.2024)

**Stavsholtvegen 610** (Gnr 19, bnr 90) er selt for kr 1.550.000 frå Kristin Judith Billaud Feragen og Magne Feragen til Ingvild Gjone Lyberg (04.03.2024)

**Vatnarvegen 706** (Gnr 14, bnr 9) er selt for kr 370.000 frå Alf Petter Pimpaporn Buer til Conteck as (04.03.2024)

**Lektorvegen 79** (Gnr 47, bnr 8) er overdradd frå Karen Kråkenes Aune til Petter Kolbjørn Aune (06.03.2024). Overdragelsen omfattar også andel av Lektorvegen 77 (Gnr 47, bnr 61)

**Lektorvegen 79** (Gnr 47, bnr 8) er overdradd frå Petter Kolbjørn Aune til Kari Tonhild Aune (06.03.2024). Overdragelsen omfattar også Lektorvegen 77 (Gnr 47, bnr 61)

**Vatnarvegen 1111** (Gnr 13, bnr 17) er overdradd frå Hans Hafskolt til Torill Hafskolt (07.03.2024)

**Hørtevegen 145** (Gnr 181, bnr 6) er overdradd frå Aase Kjellaug Fosstveit til Guro Johanne Fosstveit (07.03.2024)

**Østbøvegen 6 C** (Gnr 53, bnr 260, seksjon 2) er selt for kr 2.550.000 frå Oddbjørg Nevestveit til Svein Gunnar Sageie (08.03.2024)

**Høgefjellia 17** (Gnr 10, bnr 97) er seltt for kr 2.600.000 frå Dag Andre Abrahamsen til Notech as (13.03.2024)

**Hesteskoen 20** (Gnr 51, bnr 189) er selt for kr 4.550.000 frå Stian Dalen til Dag Bjartheim og Unni Solveig Strandberg Bjartheim (14.03.2024)

**Almedalsvegen 186** (Gnr 10, bnr 238) er selt for kr 1.545.000 frå Arnt Lindeberg og Øyvind Lindeberg til Janne Herland Glenna og Kjell Roger Glenna (14.03.2024)

**Nordbøflåtin 1 D** (Gnr 54, bnr 179, seksjon 4) er selt for kr 3.490.000 frå Nordbøhagen as til Anna Verpe Kåsa og Svein Gunnar Kåsa (14.03.2024)

**Høgefjellvegen 264** (Gnr 10, bnr 321) er selt for kr 4.000.000 frå Kjell Vidar Dokken og Therese Bækkelund Gausland til Kjetil Tvedt og Steinar Tvedt (18.03.2024)

**Andel av Eikavegen 7** (Gnr 21, bnr 181) er overdradd for kr 398.782 frå Neringa Suchovinskiene til Andrius Suchovinskis (20.03.2024). Overdragelsen omfattar også andel av Gnr 21, bnr 184

**Andel av Holmenvegen 24** (Gnr 178, bnr 200) er overdradd frå Inger Wærstad Rekkedal til Peder Simon Rekkedal (22.03.2024)

**Krintovegen 37** (Gnr 18, bnr 164, fnr 36) er selt for kr 1.700.000 frå Simon Hansen til Mads Jøraholmen Gjefsen og Mari Jøraholmen Gjefsen (25.03.2024)

**Levert av Ambita as**



**GVARV:** Gamlegata er selt for 1 800 000 kroner. FOTO: Øystein Akselberg



**BØ:** Hesteskoen 20 er selt for 4 550 000 kroner. FOTO: Øystein Akselberg

# sigdal Re:New

**Gi ditt gamle Sigdal-kjøkken nytt liv!**




**Fra klassisk hvitt, til mer personlig og moderne. Slik kan et frontbytte endre hele uttrykket på kjøkkenet.**




Har du et Sigdal kjøkken fra 1999 eller senere, kan du bytte ut deler av kjøkkenet uten å kjøpe helt nytt.

**Avtal et gratis møte med kjøkkendesigner**



Tlf. 35 06 03 50 | www.installasjon.as
Stasjonsvegen 17, 3800 Bø

BØ INSTALLASJON LETT VALG

*- Vi setter verdi på Midt-Telemark*

Medlem av Norsk takst

**Aarnes Bygg og Takst**

MESTER

*Tlf. 907 84 247*

*E-post: post@byggogtakst.no • www.byggogtakst.no*

## Våre tjenester:

| | |
|---|---|
| TILSTANDSRAPPORT FOR BOLIG | Denne trenger du ved salg av bolig (tekn. rapport) |
| VERDITAKST | Her kommer også teknisk verdi frem |
| NÆRINGSTAKST | Forretninger, næringsbygg |
| LANDBRUKSTAKSERING | Ved generasjonsskifte eller salg i åpent marked |
| ANDRE OPPDRAG | Rapporter ved skade, tvistesaker, inneklimavurdering, bruk av måleinstrumenter for dokumentasjon |

PERSON SERTIFISERING DNV·GL TAKSTMANN SERTIFISERT FOR BOLIGSALGSRAPPORT IHT BETA FAGLIGE RAMMEVERK

Vi har de nødvendige godkjenninger.

# Velg kjernekledning av malmfuru fra Telemarksbruket i Bø!

Kun det beste er godt nok når vi produserer vår kledning – Kjernekledning. Derfor bruker vi kun kjerneved, stammens indrefilet.

Slik at du får topp kvalitet, fra innerst til ytterst.

Kledningen er endepløyd, for rask montering og mindre svinn.

**Gå til ditt lokale byggevarehus og spør etter Hasås sin malmfuru kledning eller terrassebord!**

**Hasås**

**HASAS.NO**



LOKALMEGLEREN & PARTNERS

# Dedikerte eiendomsmeglere som kjenner ditt område

## Bøgata 6A

Bø sentrum - Lys og trivelig 3-roms leilighet med usjenert terrasse - gode solforhold - kort vei til "alt"

**Velkommen til visning**
Tirsdag 23.4 kl. 16:00-17:00

**Aud Elin Lio**
Eiendomsmegler MNEF
99505481
aud.elin.lio@partners.no

LOKALMEGLEREN & PARTNERS



Prisantydning
1 850 000
+ omkostninger

-----------------------------

Bøgata 6A, Bø I Telemark

Boligtype: Leilighet
Eierform: Andel
P-rom: 58 m²
Bra: 63 m²
BRA-i: 58 m²
Byggeår: 2006

Fellesgjeld: 18 472,-
Omk: 1 000,-
Totalpris: 1 869 472,-

## Grivibakken 38 B

Grivibakken - Praktisk del av tomannsbolig med carport, fint beliggende i enden av boligfelt.

**Velkommen til visning**
Mandag 22.4 kl. 16:00-17:00

**Frida Henriksveen**
Eiendomsmegler
46811402
frida.henriksveen@partners.no

LOKALMEGLEREN & PARTNERS



Prisantydning
3 150 000
+ omkostninger

-----------------------------

Grivibakken 38 B, Bø I Telemark

Boligtype: Tomannsbolig
Eierform: Eier
P-rom: 100 m²
Bra: 110 m²
BRA-i: 104 m²
Byggeår: 2010

Omk: 95 040,-
Totalpris: 3 229 990,-

## Nordbøflåtin 17

Nordbøåsen - Ny og praktisk bolig med alt på en flate, tre soverom og åpen stue/kjøkkenløsning. Endetomt og solrikt!

**Visning etter avtale**

**Frida Henriksveen**
Eiendomsmegler
46811402
frida.henriksveen@partners.no

LOKALMEGLEREN & PARTNERS



Prisantydning
4 150 000
+ omkostninger

-----------------------------

Nordbøflåtin 17, Bø I Telemark

Boligtype: Enebolig
Eierform: Eier
P-rom: 87 m²
Bra: 92 m²
BRA-i: 91.5 m²
Byggeår: 2024

Omk: 35 790,-
Totalpris: 4 170 740,-

ANNONSE



# Anna og Svein Gunnar fant lykken i Nordbøhagen

**I det rolige nabolaget Nordbøhagen finner vi Anna Verpe Kåsa og Svein Gunnar Kåsa, et sjarmerende par som har funnet sitt paradis.**

Etter 26 år i en stor enebolig på 190 kvm, var det på tide med forandring. «For stort, for mye arbeid med plen og maling,» sukker Anna, og Svein Gunnar nikker samtykkende.

**Naturlig valg**

Nordbøhagen var det naturlige valget. Med en tomt på to mål var det tid for en forandring. Sentrumsnære alternativer ble vurdert, men raskt forkastet på grunn av mangel på utsikt og støy fra biler.

Nordbøhagen tilbød det perfekte kompromisset: en landlig følelse med alle bekvemmelighetene av sentrum innen rekkevidde. «Vi ønsket ikke bare å bo et sted, vi ønsket å leve,» smiler Svein Gunnar.

**Lykke**

Deres nye hjem, en koselig leilighet på 88 kvm, kom med alle nødvendigheter inkludert: carport og bod. Med bussen som stopper rett ved krysset, er tilgang til sentrum en lek. Men det er utenfor leilighetens fire vegger at Nordbøhagen virkelig skinner.

Naturen omfavner dem med åpne armer, med nydelige turstier, fotballbaner fulle av livlige unger, og skiløyper rett utenfor døren. «Lykken er å høre stavtak i knirkende snø samtidig som vedovnen spraker,» sier Anna med et smil.

**Enkle livets glede**

Men det er ikke bare omgivelsene som gjør Nordbøhagen til et sted å trives. Her er ingen boligbyggerlag eller fellesgjeld. Det gir en følelse av ro og uavhengighet.

Vi har heller ingen andre forpliktelser. «Her kan vi låse døra og reise på ferie når det passer oss,» sier Anna, og Svein Gunnar legger til, «Det er det enkle livets glede.»

**Kort vei til alt**

Og når det kommer til kvaliteten på deres nye hjem, kan de ikke få fullrost tømrerfirmaet TBE nok. «Flinke folk,» sier de omtrent samstemt.

Med kun en 25-minutters spasertur fra sentrum, eller fem minutter på sykkel eller buss, er Nordbøhagen det perfekte eksempelet på landlig livsstil med byens bekvemmeligheter innen rekkevidde.

For Anna og Svein Gunnar er Nordbøhagen ikke bare et sted å bo, det er et hjem fylt med muligheter, glede og enkelhet.

«Velkommen til Nordbøhagen, velkommen hjem,» smiler de og inviterer deg til å bli med på deres reise mot lykke.



LEDIGE LEILIGHETER: Nordbøhagen er et nytt og moderne boligprosjekt i den populære Nordbøåsen i Bø. En firemannsbolig er oppført med et moderne utseende og gode planløsninger. En leilighet er allerede solgt .

KONTAKT MEG ANGÅENDE NORDBØHAGEN!

ARE OLSEN
Eiendomsmegler 1

· 478 35 686
· ao@em1telemark.no



EiendomsMegler 1



**SJÅ DEG RUNDT:** På sommarhytta kan det vere nydeleg med florlette gardiner som får vaie i vinden. Her blir sjøen på utsida henta inn i stova. FOTO: IFI

# Gode val på hytta

## Noreg er ein hyttenasjon. Kva må me tenke på når me skal velje interiør som skal gi glede i mange år framover?

*Informasjonskontoret for farge og interiør*

Hytta er ein stad der me skal slappe av og finne ro, og kople frå den hektiske kvardagen. Fargar, overflatemateriale og interiør påverkar oss i stor grad.

– Nordmenn har alltid hatt ei forkjærleik for naturmateriale, og dette forblir ein tidlaus trend som står imot kortsiktige endringar, seier Charlotte Holberg Sveinsen, kreativ leiar og fargesjef i IFI – Informasjonskontoret for farge og interiør. Ho meiner at ei hytte skal skli så i ett med naturen rundt som mogleg.

– Ved å velje naturmateriale som tre, stein og ull, skapar du ikkje berre eit varig og autentisk interiør, men også ein slags forbindelse til naturen og kulturlandskapet.

### Kvalitet over kvantitet

Holberg Sveinsen er tydeleg på at ein ikkje treng å falle for freistinga og følgje kortsiktige trendskifte på hytta. Kva gir deg ro, avslapping og balanse lengst mogleg?

– Sjå deg rundt, oppfordrar ho.

– Ei fjellhytte kan dra nytte av robuste materiale og djupe, gjerne litt grumsete fargar som harmonerer med landskapet. Ei hytte ved sjøen kan innlemme maritime element og lyse fargar som reflekterer det friske, sommarlege og lette miljøet.

Eit berekraftig val er også å tenke på gjenbruk når hytta skal innreiast. Ikkje alt treng å vere frå ein bruktbutikk, det ligg òg mange bruktskattar på loft og kjellarar rundt om i landet.

– I ei tid der forbruksmentaliteten truar kloden vår, kan brukte ting gi ein personleg stil. Samtidig bidreg det til å redusere avfall, og støtte ein meir berekraftig livsstil. Interiøret blir også meir unikt, i tillegg til at både gamle og yngre generasjonar knyter minne til det som er på hytta. Smart for lommeboka er det også, avsluttar Holberg Sveinsen.

### Vegen til suksess

Før du tek avgjerder om alt frå golv til gardiner eller varmepumpe, er det viktig å sette deg inn i korleis produkta vil fungere i di spesifikke hytte. Tenk på praktiske omsyn som vedlikehald og reinhald, samt korleis produkta vil tole bruken frå deg og gjestane dine over tid.

- Skal du skru av straumen om vinteren?
- Har du varmekablar i golvet?
- Kor mange skal bruke hytta aktivt?
- Kva gjer de når de er på hytta?
- Skal ho tole at de går inn med skisko, eller tole belastning frå kjæledyr og born som dreg med seg sand og gjørme inn?
- Kva for forventningar har du til at det du kjøper skal fungere, og sjå ut, over tid?



**GODE VAL:** Anten du likar ei tradisjonell hytte, eller ønsker eit meir moderne preg, er det viktig å ta gode val.
FOTO: Frode Larsen/ifi.no



**TRE:** Malte flater og tre er ein god kombinasjon.
FOTO: Per Erik Jæger

EiendomsMegler 1

Nordbøflåtin 3 A, Bø I Telemark



Kommer for salg

Moderne selveierleiligheter med 3 soverom. Her kan du flytte rett inn. Det er kort veg til Bø sentrum og du har flott turområder rett utenfor døra. Egen carport og sportsbod.

| | |
|---|---|
| **Prisantydning** | kr 3 490 000 |
| **Omkostninger** | kr 88 525 |
| **Totalpris** | kr 3 578 525 |
| **BRA/BRA-i** | ca. 87.4/84.7 m² |
| **Etasje** | 2 |
| **Antall soverom** | 3 |
| **Byggeår** | 2024 |
| **Eierform** | Eierseksjon |
| **Boligtype** | Eierseksjon |
| **Finnkode** | |

**Visning**
Etter avtale med megler



**Are Olsen**
Eiendomsmegler MNEF / Fagansvarlig
47 83 56 86
ao@em1telemark.no





Prisantydning kr
3 490 000



# Selge bolig?

Våre dyktige og lokale meglere hjelper deg gjerne med ditt boligsalg.
Vi har meglerkontor i Bø, på Notodden og Ulefoss, sammen med Sparebank 1.
Kom gjerne innom oss for en hyggelig boligprat på et av våre kontor.
Eller ring oss på telefon 35 95 01 00.

EiendomsMegler 1 TELEMARK














## Vi forhandler IdeHUS

Ta gjerne en tur innom på vår hjemmeside **tbeas.no** eller på **idehus.no** der du finner et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.

Du kan også kontakte Kristian Eika på 452 13 811 eller på kristian@tbeas.no

# TBE

Telemark ByggEntreprenør AS

**Din lokale byggentreprenør**

**Telemark ByggEntreprenør AS er entreprenør- og boligleverandør med kontoradresse Torshølvegen 8, 3810 Gvarv.**

Vi har i dag 35 fast ansatte og har vårt nedslagsfelt i hele Telemark.